

Jordmormarsj i god takt

For 13. gong vart Jordmormarsjen arrangert og aldri før har så mange gått heile distansen. 22 personar valde å gå frå Eidsdal til Muldalen og tilsaman var det 90 personar som var registrert denne gongen.

Alfred Nilsen
alfred@storfjordnytt.no

– Det er om lag på gjennomsnittet, det har vore fleire og det har vore færre, seier Paul Birger Tysnes.

Jordmor på tur

På Linge, tidleg laurdags morgon, var det lett å sjå at det var noko som skjedde. Mange valde å sette att bilen der og dei som ikkje allereie hadde starta for å gå heile turen var det for dei andre opning ved Jordmorstova i Eidsdal klokka ni. Vêret var bra og alt låg til rette for ein fin tur over fjellet frå Herdalen til Tafjord. Storfjordnytt kjem i prat med to deltakarar på ferja over fjorden.

– Eg gler meg til turen og er litt forplikta til å delta, smiler jordmor Marie Vartdal. Ho har gått jordmormarsjen fem gongar og i år er det den fyrste gongen med hund. I 20 år har ho arbeidd som jordmor ved Åse sjukehus og har teke imot om lag 100 born i året.

Lag og organisasjonar

For å gjennomføre arrangementet er både Valldal, Eidsdal og Norddal sine idrettslag med i tillegg til helselaget i Eidsdal og Eidsdal/Norddal Røde Kors. Paul Birger Tysnes ønskte velkomen og Ingvild Hansen Nystad viste si respekt til jordmora Jensine med ord. Den hardt prøva kvinna som med fare for sitt eige liv valde å hjelpe andre ein vintertkveld for nesten 130 år sidan. Ordet jordmor, meinte Ingvild Hansen Nystad, må vere det ordet som var sett saman av dei to beste orda i verda.

Buss

Bussen kom til Eidsdal og tok med seg mange til Herdalsosen i Norddal. Andre valde å gå frå prestegarden i Norddal. Då alle var godt i gang, kom Eidsdal/Norddal Røde kors med seks av sine hjelpekorpsmedlemmer til slutt.

– Vi har fått mange positive tilbakemeldingar, både på gjennomføring, trasé og frukt- og drikkestasjonane. Det set vi stor pris på, seier Paul Birger Tysnes. Vel framme i Muldalen kunne marsjdeltakarane kjøpe rjomegraut som helselaget i Eidsdal serverte.



Mange fylgde bussen til Herdalsosen og starta turen til fots derfrå. Her har Dagrun Lilleås Arctander, Mari Lilleås Johansen, Kari Elisabet Dalhus og Andrea Dalhus akkurat starta på turen til Muldal.



Janet Roelofs frå Ørskog gjekk i fotspora til Jensine heile vegen og brukte åtte og ein halv time på turen, ein time kortare enn ho brukte i 2011. Ho går mykje i den norske fjellheimen saman med mannen sin kvart år.



Ingvild Hansen Nystad hadde sans for ei kvinne som Jensine, som utan tanke på seg sjølv la ut på den lange turen til Muldal ei vinternatt for å hjelpe ei kvinne og hennar born.



Dei venta litt på dei som kom med den knappaste ferja og så var deltakarane i Jordmormarsjen 2015 klare til å starte turen.



Marie og Audun Vartdal med hunden Nicky på veg til Eidsdal for å gå Jordmormarsjen til Muldal.